

## Kvardagsintegrering – Sund folkebibliotek

Vi ynskjer å vidareutvikle oss som den gode møteplassen vi er for innvandrar og flyktningar i kommunen. Vi har eit flott samarbeid med Sund Røde Kors om språkkafé annan kvar laurdag kl.14-16 og med Sund Folkeakademi om norsktrening annan kvar torsdag 17-19. Vi ynskjer å få til fleire aktivitet i tillegg til språkkafé. Aktivitetar der innvandrarar, flyktningar og etnisk norske deltek.

Vi satsar på kvinneaktivitetar fordi det er denne gruppa vi ser sjeldan på biblioteket, utanom språkkafeen og norsktreninga.

1. Vi har hatt positiv kontakt med Sotra husflidslag angående foredrag og kurs i ulike handverk. Vi ynskjer å ha fokus på hovudplagg, noko som vil vere lett å kople mot andre kulturar. Då vil vi bruke Blåhuva, som kjenneteiknar Sotrabunaden, og knytte denne opp mot hovudplagg frå andre kulturar. Her under og fletting av hår som må til før sjølve Blåhuva kjem på og hårfletting frå andre kulturar som t.d. rastafletter.
2. Ein annan aktivitet kan vere eit «kvinnetreff» der ein får lære litt småstrikk frå ulike land. Enkel servering, uformelt prat og bokformidling. Tysdagar kl. 12-14

Mvh

Sund folkebibliotek

Bente Fosse